

Rosseland skule

Plan for oppstart av skulen etter stenginga 13.03

Oppstart: måndag 27.04 for 1.-4.trinn

Revidert for oppstart for 5.-7.trinn, måndag 11.05

Bakgrunn

Skulane i Noreg blei stengde 13.03.20 som eit av tiltaka frå regjeringa for å hindra smittespreiing av covid-19 viruset.

I perioden frå 13.03-24.04 har elevane på 1.-4.trinn hatt fjernundervisning/heimeskule.

I perioden frå 13.03-08.05 har elevane på 5.-7.trinn hatt fjernundervisning/heimeskule

Tysdag 07.04 bestemte regjeringa at 1.-4.trinn skulle tilbake til skulen frå måndag 27.04

Torsdag 07.05 bestemte regjeringa at 5.-7.trinn kan starta på skulen måndag 11.05

Utgangspunkt for planen er «Veileder om smittevern for skoletrinn 1-7 under covid-19 utbruddet 2020.», som kom til skulane måndag 20.04, og som no er komen i revidert utgåve 07.05.20

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/skoletrinn-1-7/>

Dette er ein rettleiar, og ikkje ei forskrift. Han gir råd og føringar til skolene i forhold til drifta. Smitteverntiltak er den viktigaste delen av planen, men det blir òg understreka at omsynet til «barnets beste» og må vega tungt i dei vurderingane den enkelte skule må gjera.

Organisering av kohortar

«En fast gruppe med elever og ansatte kalles en 'kohort' og på skole/SFO vil slike kohorter være et godt utgangspunkt for smittebegrensning og eventuell sporing av smitte. En kohort kan for eksempel ta utgangspunkt i skolens eksisterende klasseinndeling og norm for lærertetthet (15 elever per lærer på 1. til 4. årstrinn, og 20 elever per lærer for 5. til 7. årstrinn). Kohorter skal i minst mulig grad blandes med andre kohorter. Innen en kohort kan elever og ansatte omgås og leke sammen.»

Det er er fullt mogleg at ein kohort består av fleire personar enn 15 og 20. Det har me fått stadfesta både frå Fylkesmannen og kommuneoverlegen. Henvisinga til tala 15 og 20 er til lærarnormen, som kun viser til personaldekning, ikkje smittevernforhold. Dei andre skulane i kommunen valde å begynna med fulle «klassekohortar» allereide 27.april, medan Rosseland, som er den største skulen, valde å ta dette i to etappar.

Veke 20 Måndag 11.mai-fredag 15.mai

På bakgrunn av dei erfaringane me har gjort oss etter oppstarten for 1.-4.trinn 27.april, meiner skulen at det er forsvarleg i forhold til smittevern å definera ein «ordinær» klasse som ein kohort frå 11.mai. Det er markert oppstillingsplassar utandørs ved alle inngangar, og rutinane for handvask er blitt utprøvd og grundig innarbeidd for 1.-4.trinn gjennom kohortar med færre barn i to veker no. 3.trinn har hatt ein «klassekohort» den siste veka, og det har fungert godt.

Kvar kohort får sitt eige klasserom, og 2 og 2 kohortar samarbeider, slik at dei vaksne kan vera i begge – og elevane i desse to kohortane kan ha uteskule og friminutt samtidig. Dei kan òg vera saman inntil 15 minutt i same rommet, men med minst 1 meter avstand. Faglærarar kan rullera mellom kohortane, men følgjer då strenge handvaskrutinar før og etter timen.

Det er til saman 28 kohortar på skulen – 4 pr. klassetrinn

Fordlinga av kohortar ser slik ut: Talet på elevar i parentes

1 Blå	(18)	4a	(23)
1 Grøn	(16)	4b	(23)
1 Gul	(17)	4c	(24)
1 Rød 1	(16)	4d	(22)
2a	(20)	5a	(19)
2b	(20)	5b	(18)
2c	(20)	5c	(21)
2d	(20)	5d	(18)
3a	(20)		
3b	(22)		
3c	(22)		
3d	(22)		
D –bygget:			
6a	(19)	7a	(21)
6b	(22)	7b	(22)
6c	(21)	7c	(23)
6d	(22)	7d	(20)

Utfordringar knytt til denne organiseringa:

- Det er trengt om plassen i nokre klasserom og i garderobar –og det gjer at elevane må «slusast» inn og ut puljevis. Det betyr ulike start- og slutt-tidspunkt morgonen og ettermiddagen, og at trinna har friminutt til ulike tider.
- Personalet kan måtta vera fleire timar i klassen enn ved normal drift, og gå minst mogleg på tvers av klassar
- Ved sjukdom/karantene vil det vera vanskeleg å få vikarar, og å kunna driva spesialundervisning etter enkeltvedtak.

Fordelar med denne løysinga:

- Dette liknar mest på den skulen eleven kjenner, og vil vera det tryggaste for dei
- Lærarane kan driva undervisninga meir slik dei er vane med, og har betre oversikt over elevane sitt arbeid, og framgang i læringa
- Spesialundervisninga blir betre varetatt

Elever og tilsette skal vaska hender:

(Frå rettleiaren)

- *Før man drar hjemmefra og når man kommer hjem*
- *Når man kommer til skole/SFO*
- *Etter hosting/nysing*
- *Etter toalettbesøk*
- *Før og etter måltider*
- *Etter man kommer inn fra uteaktivitet/friminutt*
- *Ved synlig skitne hender*

Skuledagen:

For at ikkje alle elevane skal koma samtidig, ønskjer me at skuledagen skal sjå slik ut:

B og C-bygg

1.trinn: **08.00**-12.45 kvar dag

2.trinn: 08.15-12.45 tysdag-torsdag, 08.15-13.55 måndagar (ordinære tider)

3.trinn: 08.15-12.45 tysdag-torsdag, 08.15-13.55 måndagar (ordinære tider)

4.trinn: **08.30**-13.55 måndag, onsdag og torsdag, **08.30-12.45** tysdag og fredag

5.trinn:

Måndag 08.15 - 13.55

Tysdag 08.15 - 12.45

Onsdag 08.15 - 13.55

Torsdag 08.15 - 13.55

Fredag 08.15 – 12.45

D-bygg

6.trinn

Måndag 08.00 - 12.45

Tysdag 08.00 - 12.45

Onsdag 08.00 - 13.45

Torsdag 08.00 - 13.45

Fredag 08.00 - 12.45

7.trinn:

Måndag 08.15 - 13.55

Tysdag	08.15 - 12.45
Onsdag	08.15 - 13.55
Torsdag	08.15 - 13.55
Fredag	08.15 - 13.00

Det er viktig at elevane ikkje kjem til skulen lenge før dei skal møta, og at dei går rett heim etter skule og SFO

Oppstilling – gå inn i klasserommet

Det blir merka oppstillingsplassar utandørs slik at elevane kan stilla opp om morgonen og etter friminutt. Desse vil vera for 2 kohortar, men med 1 meter mellom kvar elev. Elevane går så inn i bygget kohort for kohort, slik at det ikkje blir trengsel i garderoben.

Garderobane er den største «flaskehalsen» på Rosseland skule, samt at nokre kohortar må gå gjennom eit anna klasserom for å koma ut og inn. Me brukar alle moglege inngangar for å få minst mogleg trengsel og gjennomgang, og held så god avstand som mogleg.

Før elevane går inn i bygget, får dei ein «dusj» med antibac på hendene, før dei går og set seg på pulten sin. Læraren set dei i gang med arbeid/stillelesing –og så går dei ein og ein til vasken for å vaska hendene.

Det vil stå ein vaksen med gul vest både ved oppstillingsplassen og i garderoben, som møter elevane, og som hjelper dei til å koma på plass.

Friminutt

Elevane vasker hender før og etter friminutt. Når dei kjem inn, set dei seg ved pulten – og vasking av hendene startar. Dette for å unngå trengsel ved vaskane.

Friminutta blir organisert slik:

- Nokre trinn har friminutt om gongen. Korhortane som samarbeider får tildelt kvart sitt område i skulegarden, der barna kan leike.
- Områda dei kan leika på rullerer frå dag til dag, slik at alle elevane i løpet av veka får glede av ulike leikeareal. Det er laga ein oversikt over tilgjengelege område.
- På 6.- og 7.trinn, som held til i D-bygget, må 2 og 2 kohortar som samarbeider, ha friminutt samtidig.

Tidspunkt for friminutta:

1.trinn:	09.00-09.30	10.30-11.00	
2.trinn:	09.30-09.45	11.00-11.30	
3.trinn:	10.00-10.15	11.30-12.00	
4 .trinn	09.30-09.45	11.00-11.30	12.30-12.40
5.trinn	10.00-10.15	11.30-12.00	12.50-13.00
6.trinn	09.15-09.35	10.50-11.20	12.30-12.40
7.trinn	09.45-10.10	11.25-12.00	12.45-12.55

Leik ute/uteskule/kroppspøving:

Kohortane som samarbeider kan leika ute saman i friminuttet og vera på uteskule saman, men må då vera spesielt merksame på å halda minst 1 meter avstand. Det blir i rettleiaren rådd til å vera ute så mykje ute som mogleg. Der er smittefaren mindre.

Det er vanskeleg å få barn til å halda 1 meter avstand til kvarandre. Det er viktig å snakka om dette med barna, og minna dei på det. Likevel vil det skje at dei vil ha kroppskontakt, og då må personalet sjå «stort» på det. Vennleg rettleiing er greitt, men ingen skal få «kjeft» for at dei ikkje held avstand.

All kroppspøving skal føregå utandørs – og dusjen må elevane ta heime!

Mat og drikke:

- Alle må ha med matpakke
- Alle som skal på SFO må ha med ekstra matpakke
- Elevane får melk i forhold til bestilling; 5.-7.trinn får levering i løpet av veke 21.
- Alle kan ha med seg ei tom drikkeflaske som dei får fylla opp med vann på skulen

All spising føregår på eleven sin eigen pult i klasserommet, eller utandørs

Bruk av materiell:

- Alle elevane må ha med pennalet sitt med skrivesaker. Har dei ikkje skrivesaker, får dei på skulen
- Ipaden må tørkast av heime kvar dag med ein litt fuktig klut (ikkje antibac)
- Alle på 1.-4.trinn får limstift og saks med seg i sekken –og må ha dette med kvar dag
- Ingen skal dela materiell med kvarandre
- Alle blir oppfordra til å ha med eigne headset. Dei som ikkje har det, vil få eit av skulen som blir merka med namn, og som eleven må ha med seg i sekken

Avslutninga av skuledagen:

- Elevane får ein «dusj» med såpevann på pulten sin, og skal tørka av denne før dei går.
- Hendene skal vaskast
- Dei som skal på SFO, må spisa SFO-matpakken sin på slutten av siste økt
- SFO-personalet overtar
- Dei som skal gå heim, kler på seg i garderoben, går roleg ut, og rett heim. Læraren ser til at alt går greitt for seg i garderoben.

Lekser:

No tek me skulearbeidet tilbake til skulen, og takkar foreldra for innsatsen med å hjelpa til med heimeskule!

Det blir ikkje gitt lekser for elevane på 1.-4.trinn framover, bortsett frå ei leseøkt på 20 minutt dagleg. Foreldra si oppgåve blir då å vera gode samtalepartnarar for barna, og å lytta til leseleksa.

For 5.-7.trinn vil leksene kunne knyttast mot fag me ikkje kan ha på skulen i denne perioden, td mat og helse, eller knyttast mot praktiske oppgåver heime og i nærmiljøet. Leksene blir ikkje omfattande, og kan organiserast som vekelekse.

SFO

Sidan kohortar som ikkje er «samarbeidande» skal ha minst mogleg kontakt med kvarandre, må me sjå personalet på skulen og SFO i ein samanheng. Det betyr at me ikkje har noko å gå på i forhold til arbeidstid. Nokre av dei tilsette vil bli spurt om å gå ekstra, men det vil likevel bli utfordrande.

For å få til eit best mogleg skuletilbod, både vurdert i forhold til barnet sitt beste og smittevern; blir SFO-tilbodet på Rosseland då organisert slik:

- Det blir **ikkje** eit ordinært morgontilbod frå 07.15-08.00. Det vil bli berre gitt omsorgstilbod for dei som har foreldre i kritiske samfunnsfunksjonar, og som ikkje klarar å ordna tilsyn av barnet sjølv
- SFO-tilbodet blir gitt hovudsakleg utandørs. Dette betyr at elevane må vera kledde til å vera ute, og ha klesbyte tilgjengeleg. Dei kan henga klede/klesskift i garderoben, men vått tøy må takast med heim for å bli tørka der

Desse vurderingane er hovudsakleg gjort av smittevernsyn. Barna på SFO kan i prinsippet tilhøyra 16 ulike kohortar, og desse skal ha minst mogleg kontakt med kvarandre.

Leiker og materiell som blir brukt i SFO-tida, blir reingjort kvar dag

Ingen foreldre skal inn i bygget for å levere eller henta barna. Levér barnet ved oppstillingsplassen, og hent det utanfor etter avtale med personalet på SFO

Ingen skal kjøra barna til «skuleporten» i Dronning Mauds Gate. Barna må setjast av i Kong Haakons Veg, langs Rosselandsbanen.

Drøfting av planen

- Planen er blitt drøfta i skulen sitt Kvalitetsteam torsdag 07.05 kl.13.00 – som slutta seg til han. Det er gjort mindre justeringar i løpet av dagen i dag, 08.05 når det gjeld tidspunkt for oppstart og avslutning av dagen, og friminutt. Det er ei positiv stemning til å starta opp igjen, og alle er klare til å bretta opp ermene for å ta best mogleg imot alle elevane frå måndag 11.mai.
- Planen blei drøfta i FAU sitt møte torsdag 07.05 kl.19.00, og FAU meinte at det var ein god plan

Planen vil bli evaluert fortløpande og kan bli justert på bakgrunn av dei erfaringane me gjer oss. Dette vil skje i samråd med Kvalitetsteamet på skulen og FAU.

Informasjon til heimane

Informasjon til heimane blir sendt ut i løpet av fredag 08.05, på SchoolLink, og lagt ut på skulen si heimeside, men vil nok koma i fleire omgangar.

- Info frå skuleadministrasjonen om koreis oppstarten er planlagt.
- Info frå kvar kontaktlærer til sin klasse, med info om når og kor dei skal møtast på måndag
- Ev.avklaringar på spørsmål som kjem inn.
- Denne planen blir lagt ut på skulen si heimeside

Rosseland 08.05.2020

Geir Soma

rektor